




Stortingsvalet

mitt



Litt om meg

Eg heiter:

Eg bur:


Ting eg liker:

Teikn eit
sjølvportrett



Stortinget

Stortinget ligg i Oslo. Her jobbar det 169 menneske. Dei blir kalla stortingsrepresentantar.



Stortinget har mange viktige oppgåver. Til dømes er det Stortinget som bestemmer kva lover vi skal ha i Noreg.


Når det er stortingsval, vel vi kven som skal vere stortingsrepresentantar.



Kven bestemmer reglane de har i klassen?

Finn fem feil

Dei 169 stortingsrepresentantane har faste plassar i stortings salen. På det eine biletet er det fem ting som manglar. Kan du finne dei?




Partia

Stortingsrepresentantene er med i parti. Partia har ulike meiningar om korleis vi skal få det best mogleg i Noreg.



Arbeiderpartiet



Høyre



VENSTRE

Akkurat som partia har også folk ulike meiningar. Når det er stortingsval, stemmer vi på det partiet vi er mest samde med.



På denne sida ser du logoane til partia på Stortinget.



Senterpartiet



Parti og partileiar

Sett strek mellom namn på parti og partilogo. Du kan også skrive inn namnet til partileiaren.

PARTINAMN

PARTILOGO

PARTILEIAR

Framstegspartiet



.....

Kristeleg Folkeparti



.....

Sosialistisk Venstreparti



.....

Høgre



.....

Venstre



.....

Miljøpartiet Dei Grøne



.....

Arbeidarpartiet



.....

Senterpartiet



.....

Pasientfokus



.....

Raudt



.....

Valdistrikt

Det er viktig at stortingsrepresentantane kjem frå heile landet. Derfor er Noreg delt inn i 19 delar. Delane blir kalla valdistrikt.




Valdistriktet mitt

Kva for eit valdistrikt bur du i?
Fargelegg valdistriktet ditt og skriv namnet.



Stemme for første gong


Korleis føregår egentleg eit stortingsval? Les om Miriam, som stemmer for første gong!




Dette er Miriam. I dag skal ho stemme for første gong. Miriam går til vallokalet i nærleiken av der ho bur.




Miriam vel eit ark med det partiet ho vil stemme på. Dette blir kalla ein stemmesetel.



Miriam legg stemmesetelen i ei valurne. No har ho stemt!



Den kvelden er Miriam seint oppe. Ho er spent på kor mange stemmer partia fekk.



Dei partia som får flest stemmer, får også flest folk inn på Stortinget. Desse blir no stortingsrepresentantar.



Etter valet får vi vite kven som blir statsminister. Statsministeren må lage ei regjering.

Etter valet: Kva for parti er på Stortinget?



klipp ut og lim
inn partilogoane



Statsminister

Kven var statsminister før? Er det ein ny statsminister no?



Namn:

Namn:

Alder:

Alder:

Parti:

Parti:

Bustad::

Bustad::

Ordjakt

Under gøymer det seg sju ord. Disse bruker vi ofte når vi snakkar om stortingsval. Leit både vassrett og loddrett.

| | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| A | G | V | H | U | T | Y | K | P | C | T | D | Æ |
| S | T | A | T | S | M | I | N | I | S | T | E | R |
| A | Å | L | W | Q | H | A | J | O | A | G | M | Y |
| B | K | G | P | W | V | E | L | P | Q | S | O | L |
| H | Z | B | A | H | Ø | E | T | V | S | L | K | I |
| S | T | O | R | T | I | N | G | E | T | F | R | S |
| Q | W | V | T | L | A | X | B | R | E | M | A | N |
| P | O | L | I | T | I | K | K | G | M | U | T | L |
| T | E | Y | L | B | S | H | Z | D | M | K | I | R |
| Y | F | Å | P | K | O | U | D | B | E | F | E | Ø |

parti, val, statsminister, demokrati, stortinget, politikk, stemme

Draumelovene mine

Stortinget bestemmer alle lovene i Noreg.
Kva lover ville du laga om du fekk bestemme?

The diagram features a central circular node with a dark red background and a white heart icon. Inside the circle, the text "Draumelovene mine" is written in white. Five lines radiate from this central node to five surrounding rectangular boxes. Each box is light gray with a dark red border and contains three horizontal dashed lines for writing.

Fargelegg Stortinget



Labyrint

Du er vald som stortingsrepresentant. Snart skal de stemme over ei ny lov. Derfor må du forte deg til plassen din i stortings salen. Finn du vegen?

